



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 02.10.2019

Sak nr.: 16/3230-298

Internt l.nr.: 59794/19

Sak: 78/19

Tittel: **Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS - justering av aksjonæravtale, vedtekter og gåvebrev**

Behandling:

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget godkjenner vedlagde aksjonæravtale og vedlagte gåvebrev, jf. vedlegg 1 og 3.
2. Fylkestinget sluttar seg til at Sogn og Fjordane Holding AS endrar vedtektene sine i samsvar med vedlegg 2.

----//----

Fylkesutvalet fann Hilmar Høl inhabil til delta ved handsaming av saka, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2.

----//----

Endringsframlegg:

Senterpartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til ny formulering i vedtektene § 5:

Selskapet skal ha eit styre med fem medlemar. Styremedlemane tenestegjer i fire år. Styreleiaren skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 1. januar 2020. To av medlemene veljast av eigarane av aksjeklasse B. Minst ein av medlemene som vert valde av eigaren av aksjeklasse A, skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 1. januar 2020.

Selskapet sin styreleiar åleine teiknar firmaet.

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg til alternativ formulering i 3. setning i framlegget frå Senterpartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti:

Styreleiar skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensa var før 1. januar 2020 og representere aksjeklasse A.

Avrøysting:

Åshild Kjelsnes og Helen Hjertaas røysta for framlegget frå Arbeidarpartiet, og framlegget vart forkasta.

Deretter røysta alle medlemene i fylkesutvalet for framlegget frå Senterpartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti.

Fylkesrådmannen si tilråding, med endringa som vist ovanfor, vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget godkjenner vedlagde aksjonæravtale og vedlagte gåvbrev, jf. vedlegg 1 og 3.
2. Fylkestinget sluttar seg til at Sogn og Fjordane Holding AS endrar vedtektene sine i samsvar med vedlegg 2, men med følgjande ny formulering i § 5:

«Selskapet skal ha eit styre med fem medlemmer. Styremedlemene tenestegjer i fire år. Styreleiaren skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 1. januar 2020.

To av medlemene veljast av eigarane av aksjeklasse B. Minst ein av medlemene som vert valde av eigaren av aksjeklasse A, skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 1. januar 2020.

Selskapet sin styreleiar åleine teiknar firmaet.»